



Gravestart på Rabben i mai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fram til onsdag i denne veka har kloakk frå store deler av sentrum i Uskedalen runne rett ut i elva.

Årsaken har vore at pumpestasjonen på Rabben Feriesenter har vore ute av drift.

Men no er saken ordna slik at kloakken går ut på djupt vatn slik han skal.

Det opplyser VAR-ansvarleg i kommunen Sigbjørn Øye til Kvinnheringen.

Stasjonen har kanskje vore ute av drift i 2 månader og i denne tida har overløpet gått i elva. Pumpestasjonen tek i motkloakk frå store delar av sentrum, båthamnane og 15 toalett på campingplassen. Spesielt har det vore ille ved fjøra og halvfjøra sjø. Då har kloakken fylgt elvestraumen nedetter og kloakken har ureina badevatnet.

Steinar Myklebust på Rabben opplyser at han ringde kommunen og melde frå om problemet for ein måned sidan, men ingenting skjedde. Kort tid sidan ringde han påny og fortalde at han hadde hatt ein god del turistar med diare og oppkast, noe han meiner skuldast bading i 'kloakkvatnet'. Då lova kommunen å ta vassprøver.

Myklebust meiner det er ein skam at pumpestasjonen ikkje er vølt forlengst. Etter regelverket skal eit slikt anlegg kontrollerast minst ein gong i veka,.

Det er to pumpar og den eine er ikkje lenger i drift. Øye opplyser at den attverande pumpa på stasjonen, som skal ta unna kloakken heretter, hadde kilt seg fast. Då Kvinnheringen kontakta han kjende han ikkje til problemet men fekk straks driftsoperatøren til å setta igang pumpa. Ingen av driftsfolka kjenner til at Myklebust ringde kommunen for ein måned sidan. Øye tok imot telefon nummer to, men hevdar at Myklebust ikkje opplyste om at pumpa stod og at overløp rann i elva. Hadde kommunen visst det, hadde driftsfolka straks rykt ut.

Det vart teke prøver av badevatnet og kvaliteten var i grenseland for det som er tilrådeleg å bada i. Men Øye trur ikkje at diaretilfellla skriv seg frå badevatnet. Han lovar no dagleg oppsyn med pumpestasjonen. Den skal

leggjast ned når det nye kloakkreinseanlegget blir sett i drift i haust. Den nye pumpestasjonen ligg på båtlaget sitt område og er meir avansert med omsyntil varslings..